



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Silje Aileen Hjortland Haukedal, 5557 2351

Vår dato  
05.08.2014  
Dykkar dato  
04.07.2014

Vår referanse  
2014/8720 421.3  
Dykkar referanse  
14/1825

Lindås kommune  
Kvernhusmyrane 20  
5914 Isdalstø

### **Lindås – gnr. 214 bnr. 64 - Fyllingsnes - Kommuneplanen sin arealdel – Klage på avvisningsvedtak**

Fylkesmannen viser til kommunen si oversending motteke her den 04.07.2014.

Saka gjeld klage på kommunalt vedtak om å avvise klage etter forvaltningslova (fvl).

#### **vedtak:**

**Fylkesmannen stadfestar Lindås kommune sitt avvisningsvedtak av 07.05.2014.**

#### **Bakgrunn for saka:**

Trolltinden advokater AS v/adv. Tor-Inge Baldersheim satt i brev datert 21.02.2014 fram krav om at eiegenomen blei regulert frå landbruk-, natur- og friluftsføremål til bustadføremål.

Lindås kommune svara på kravet i brev av 07.03.2014, det kjem fram av brevet av det ikkje er aktuelt å regulere eiegenomen til bustad før rullering av kommuneplanen i 2016.

Advokat Tor-Inge Baldersheim klaga på kommunens beslutning i brev datert 07.02.2014.

Lindås kommune avviste klagen i vedtak av 07.05.2014. Avvisningsvedtaket blei påklaga i brev datert 25.05.2014.

Lindås kommune handsama klagen i brev datert 04.07.2014. Klagen vart ikkje teken til følgje, og saka vart sendt Fylkesmannen for endeleg handsaming.

Når det gjeld bakgrunnen for saka elles, syner vi til saksdokumenta som vi føreset at partane er kjende med. Fylkesmannen finn saka tilstrekkeleg opplyst, jf forvaltningslova (fvl) § 17 første ledd.

#### **Fylkesmannen ser saka slik:**

Fvl gjeld for Fylkesmannen si handsaming av saka. Etter fvl § 34 kan Fylkesmannen prøve alle sider av saka og ta omsyn til nye omstende. Klageinstansen kan anten stadfeste, omgjere eller oppheve kommunen sitt vedtak.

Lindås kommune har avvist klagen som følgje av at deira beslutning av 07.03.2014 ikkje er eit enkeltvedtak som kan påklagas, jf fvl § 2, jf § 33.

Det følgjer av fvl § 33 annet ledd at «*Dersom vilkårene for å behandle klagen ikke foreligger, skal underinstansen avvise saken.*»

Vidare følgjer det av fvl § 31 «*Enkeltvedtak kan påklages.*»

Spørsmålet er dermed om kommunens brev av 07.03.2014 er et «*enkeltvedtak*», jf fvl § 2, som kan påklagast.

I fvl § 2 heter det at et enkeltvedtak er «*et vedtak som gjelder rettigheter eller plikter til en eller flere bestemte personer.*»

Klagnar hevdar i hovudsak at det ikkje ligg føre grunnlag for å avvise klaga og at Fylkesmannen dermed må gjere om kommunens vedtak. Det vert vist til klaga i sin heilskap.

Følgjande kjem fram av kommunen si vurdering:  
«*Brevet er ikkje ei avgjersle som verken konkret eller generelt er bestemmande for rettigheter eller plikter for private personer.*»

*I lova sin ordlyd ligg at det må vera tale om ei avgjersle som på ein eller annan måte endrar rettsstillinga til ein eller fleire private personer, for at vilkåret skal være oppfylt. Det er ikkje tilfelle i vår sak.*

*Arealdelen av kommuneplanen er vedtatt av kommunestyret 22. september 2011 og såleis bindande for sitt område. Planen er unntatt klagerett og forvaltningsrettsleg uangripeleg for klager.*

*Kommunen si avvising av klager sitt krav om å foreta endringar i denne planen, endrar ikkje klager sin rettsstilling overhode og beslutningen er difor ikkje eit einskildvedtak etter forvaltningslova paragraf 2 første ledd bokstav a og b.»*

Vidare følgjer det at:

«*Dersom klagnar skulle kunne setja fram krav om endring etter 11-17, av plan vedtatt etter 11-15, for deretter å vert gjeve klagerett på kommunen si avgjerd om ikkje å etterkomme kravet, vil dette representera ei omgåing av klageforbodet i paragraf 11-15.*»

*Kommunen er difor av den oppfatning at det fråvær av klageadgang som følgjer av paragraf 11-15, tredje ledd også gjelder kommunen si avgjerd om ikkje å etterkomma krav om endring etter paragraf 11-17. Dette følgjer av samanhengen i lova.»*

Fylkesmannen sluttar seg til kommunens vurdering, men vil kome med nokon merknadar.

Fylkesmannen vil peike på at kommunens brev av 07.03.2014 er ei tilbakemelding på advokat Tor-Inge Baldersheim sitt krav om å regulere eigeiendomen tilbake til bustad i kommuneplanens arealdel. Som det kjem fram av kommunen si vurdering, er det ikkje klagerett på vedtak om kommuneplan. Fylkesmannen er samd med kommunen at dersom det etter kommuneplanen er vedteke skal kunne krevjast endringar i arealformålet, vil dette undergrave regelen i pbl § 11-15 om at kommunestyret sitt vedtak om kommuneplan ikkje kan klagast på.

Vidare er Fylkesmannen samd med kommunen i at tilbakemeldinga om at arealføremålet ikkje vil bli endra etter regelen i pbl § 11-17 ikkje kan sjåast på som eit enkeltvedtak etter fvl § 2, då det ikkje gjeld rettigheter eller plikter for eigar.

Etter gjennomgang av saka finn Fylkesmannen at kommunens brev av 07.03.2014 er ei beslutning og ikkje eit enkeltvedtak. Ettersom det berre er enkeltvedtak som kan påklagast, skal dermed klaga avvisast, jf fvl § 33.

Klaga på avvisingsvedtaket vert etter dette ikkje teken til følgje.

Fylkesmannen stadfestar Lindås kommune sitt vedtak datert 07.05.2014 om å avvise klaga.

Fylkesmannens vedtak på side ein er endeleg og kan ikkje påklagast, jf fvl § 28 tredje ledd.

Med helsing

Svein Bjerkeng e.f.  
underdirektør

Silje Aileen Hj. Haukedal  
rådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Kopi til:

Trolltinden advokater AS v/adv.Tor-Inge Baldersheim Øvre Kråkenes 17 5152 BØNES